

# Granbarstripesopp kan gjera skade i juletrefelt

Granbarstripesopp (*Lirula macrospora*) fins på gran (*Picea* spp.) verda over. Her i landet er soppen vanleg i Sør-Noreg. Angrep fører til daude nåler og dermed redusert vekst. Trea vert ikkje heilt øydelagde, men pryddverdien vert redusert, noko det er lite toleranse for til juletre.



Figur 1. Vanleg gran (*Picea abies*) med skade av granbarstripesopp (*Lirula macrospora*). Akershus 2004. Foto: Erling Fløistad

Av Venche Talgø<sup>1</sup> og Iben M. Thomsen<sup>2</sup>

1 Bioforsk 2 Københavns Universitet



## Vertplanter

Figur 1 syner symptom av granbarstripesopp på vanleg gran (*Picea abies*), men andre granartar kan også få angrep. Figur 2 syner svært sterke angrep på Himalayagran (*Picea smithiana*) i Hørsholm arboretum ved København i 2012. Det same året såg vi også sterke angrep i juletrefelt i Buskerud (Figur 3). Denne soppen er vanleg i Sør-Noreg, og han er funnen nord til Nordland.

På einskilde nåler av kjempeedelgran (*Abies grandis*) og nordmannsedelgran (*Abies nordmanniana*) har vi funne sporehus som liknar *Lirula*, men utan å finna sporar som kan stadfesta dette sikkert. Frå USA er det kjent at *Lirula abietis-concoloris* angrip ulike edelgranartar.



Figur 2. Kraftige symptom på fjorårsnålene av Himalayagran (*Picea smithiana*) etter angrep av granbarstripesopp (*Lirula macrospora*). Hørsholm arboretum, København 4. september 2012. Foto: Venche Talgø



Figur 3. Skade i eit juletræfelt etter angrep av granbarstripesopp (*Lirula macrospora*). Trea var i ferd med å bryta og fjorårsnålene hadde på grunn av angrep førre sesong skifta farge gjennom vinteren. Buskerud 22. mai 2012. Foto: Venche Talgø



Figur 4. Dei avlange svarte felta/svellingane på desse brune gran-nålene (*Picea abies*) inneheld askosporar av granbarstripesopp (*Lirula macrospora*). Legg merke til den mørke fenolringen ved basis av nålene (markert med blå sirkel). Foto: Erling Fløistad

## Symptom og biologi

I fylgje litteraturen angrip granbarstripesopp enkeltnåler på 10-40 år gamle tre, men i juletræfelt har vi observert skade på tre som er langt yngre. Soppen infiserer nye nåler like etter knopp-sprett. Symptoma kjem til syne utpå hausten. Dei sjuke nålene vert lysgule til raudbrune. Seinare vert dei lysbrune og får eit markert, svart band ved basis av nåla. Det svarte bandet/ringen ved nålebasis vert danna fordi det vert opphoping av fenolstoff.

Året etter infeksjonen kjem det til syne vassaktige, ellipseforma blærer som etter kvart vert svarte. Desse inneheld konidiesporar. Avhengig av været, vil desse blærene etter nokre månadar til eit år, verta etterfylgde av sporehus (hysterothecia) som framtrer som svarte, skinande svellingar under nålene. Svellingane er på 2-8 mm og ligg som svarte pølser langs nålene (Figur 4). Desse svellingane inneheld ein annan type sporar (askosporar) enn dei blærene som vert danna fyrst. Mogne askosporar vert spreidde med vind i fuktig vær. Livssyklusen er altså toårig.

Fenolringen kring nålefesten hindrar dei sjuke nålene i å falla av. Dei vert difor hengjande på trea i opp til 3 år (Figur 5), og soppen kan dermed lett smitta over på nye nåler.

## Tiltak

Angrep av granbarstripesopp fører til redusert tilvekst, men gjer sjeldan alvorleg skade. Det er lite å finna i litteraturen om tiltak mot denne soppen, men observasjonar tyder på at angrepa er størst på våte lokalitetar og ved dårleg lystilgang. Unngå difor tett planting på skuggefulle område med dårleg opptørking etter nedbør.

## Litteratur

Talgø, V. & Stensvand, A. 2003. *Lirula macrospora* (granbarstripesopp). Grønn kunnskap e 7(101M): 2 s.

Thomsen, I.M. 2004. Rødgran-ribesvamp. Videnblade Pyntegrønt nr. 5.6-11. ■



Figur 5. Vanleg gran (*Picea abies*) med angrep av granbarstripesopp (*Lirula macrospora*). Her er årnsålene grøne og fine (A, B), fjorårsnålene brune (A, B) og nåler med angrep på 2011 årgangen gråaktige med avlange, svarte sporehus (B, C). Värmland, Sverige 27. juni 2013. Foto: Venche Talgø